



**BYGG!
...OG BEVARE MEG VEL**

LÆRARRETTEIING



BYGG! Og bevare meg vel...

Dei tradisjonelle byggeteknikkane er rett og slett geniale. Naust, lører og hus blei sette opp utan ein spikar, og har stått støtt i mang ein orkan.

Vi skal setje opp grind-, bukke-, stavline- og laftebygg og lære om byggetradisjonar i Møre og Romsdal.

Bygga er tilpassa bruken og landskapet. Dei fortel om kvardagsliv, kunnskap og verdiar. Bygg er gode studieobjekt fordi dei er så tydelege, både som konstruksjonar og som delar i eit landskap.

Elevane skal utforske og delta i praktisk arbeid og slik få auka forståing og interesse for berande konstruksjonar, arkitektur og byggetradisjonar i lokalmiljøet.

Formidlinga tek utgangspunkt i fire frittstående byggmodellar, utforma som byggesett. Dei er ca. 120 x 90 cm store. Byggesetta tek for seg grunnleggjande berekonstruksjonar som er brukte i Møre og Romsdal. Grovt sagt er grindhus brukt på Sunnmøre, stavlinehus på Nordmøre og midt i mellom ligg Romsdal, der dei har ein spennande variant som vi kallar bukkehus. Laftebygg har vi felles. Om lag 50% av husa på ein gard var grind-, bukke-, eller stavlinehus.

Mål med utstillinga

Musea i Møre og Romsdal vil gi elevar på 5. – 7. steget ei oppleving av temaet arkitektur gjennom ein presentasjon av bygg ein tradisjonelt har hatt i fylket. Målet er at elevane gjennom prøving og praktisk arbeid i utstillinga skal få auka forståing og interesse for byggkonstruksjonar i lokalmiljøet sitt. Og grunnleggjande forståing av strukturar og konstruksjonsprinsipp i bygningar, kan førast over til arkitektur generelt.

Utstillinga si forankring i læreplanen

Utstillinga «BYGG! Og bevare meg vel» er relevant for kompetansemål i samfunnsfag, matematikk, naturfag og kunst og handverk. Ein tverrfagleg innfallsvinkel gjer utstillinga særlig aktuell for fagemnet teknologi og design.



Utstillinga

Utstillinga har fire frittstående hus utforma som byggesett. Elevane monterer husa som dei etterpå samanliknar.

Formidlinga startar med at elevane brukar eigen kropp for å kjenne kva som må til for å ha god stabilitet og balanse. Dei sluttar av med ein konkurranse der elevane kjenner igjen og klassifiserer byggkonstruksjonar projisert på eit lerret.

Elevane brukar alle sansane når dei arbeider seg fram til kunnskap om tradisjonelle byggemetodar brukt i Møre og Romsdal. Dei kjenner på materialet, samarbeider, tenker logisk, er praktiske og konkrete. Dei utforskar, ser på linjene, og føler kva som skal til for å få bygget til å stå stødig.

Praktisk informasjon

Tal på elevar:	maks 30, men vi tilrår 16
Romlege krav:	reint klasserom utan pultar
Tid rigge opp :	30 minutt
Tid rigge ned:	30 minutt
Berehjelp:	1 voksen og 3 barn
Grupper pr. dag:	2
Tid per gruppe:	3 skuletimar
Bærehjelp:	JA – både inn og ut. Minst 3 sterke personar.

Bygga i utstillinga

Husa viser fire grunnleggjande byggemåtar brukt i Møre og Romsdal.

I tre av husa er det røyst stokkar som held taket oppe; grindhus, stavlinehus og bukkehus. Desse husa er luftige og brukast som naust, løer og uthus. 50 % av husa på ein gard var bygd slik. Alt i husa er av naturmateriale, også taka (torv, steinheller). Husa vert tilpassa terrenget, ikkje motsett. Dei er svært miljøvennlege.

Laftehusa er tette og mest bruk til bolighus, fjøs og stabbur. Veggane er laga av liggande stokkar, som er felt i kvarandre i hjørna.

**GRIND
BYGG**



**BUKKE
HUS**



**STAVLINE
BYGG**



**LAFTE
BYGG**

